



Invitasjon til skypemøte om eksamen - fredag 14.02.2020, kl. 10.00-12.00

Invitasjonen går til alle postmottak i noverande kommunar, samt til eksamensansvarleg i kommunen. Fylkesmannen ber om at de vidareformidlar til rette vedkomande der det er endringar i organisering, t.d. ved samanslåing av kommunar.

Vi ønsker med dette velkomen til møte om eksamen og vurdering for grunnskulen våren 2020. Vi gjer som i fjor, og vil gjennomføre dette møtet via skype. Innhaldet vil vere ein generell gjennomgang av nytt på feltet, samt sentrale fristar og funksjonar i PAS-eksamen. Primært vil det vere fokus på oppgåvene til skuleeigar, som har ansvar for å følgje opp skulane/vaksenopplæringssentra i heile eksamensperioden.

Av den grunn går invitasjonen til eksamensansvarleg i kommunen. Vi ser likevel at det er viktig med ein dialog med rektorane/ansvarlege for eksamen på dei offentlege og private skulane samt vaksenopplæringssentra. Vi oppmodar skulefagleg ansvarleg til å opne for eit internt møte der ein samla kan delta på skypemøtet. Vi fekk gode tilbakemeldingar etter tilsvarande møte i februar 2019, der samlege kommunar opplevde at dette var ein god måte å skape ein dialog om gjennomføringa i eiga kommune.

Førebels agenda for møtet:

- Velkomen
- Generell informasjon om eksamen våren 2020 – ved rådgivar Christine Nesse
 - o Ein gjennomgang av sentrale fristar og datoar
- PAS/PGS – ved rådgivar Tone Malme
 - o PAS-eksamen for skuleeigar / skuleadministrator

Tidspunkt for møtet: Fredag 14. februar, kl. 10.00 – 12.00

Etter ønske om høve til å stille spørsmål har vi utvida møtet siden sist, og vil forsøke å ta imot spørsmål under møtet. Fylkesmannen vil som vanleg vere tilgjengeleg for rettleiing og spørsmål gjennom heile eksamensperioden.

De vil få ein lenke til møtet og meir informasjon i januar, men vi ber om at de held av tidspunktet og gjer ei vurdering av korleis de ønsker å involvere rektorar / eksamensansvarlege på offentlege og private skular, samt vaksenopplæringssentra.

Med helsing

Maren Ørjasæter Aaland (e.f.)
direktør

Christine Nesse
Rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent